



## TILLEGGSINNKALLING KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 08.04.2019  
**Møtested:** Sosialrommet, Turbinen  
**Møtetid:** 11:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

### ORIENTERINGAR

- Forum nye Bergensbanen v/dagleg leiar Hilde Magnusson
- Fast orientering frå ordførar og rådmann

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
18/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
24/2019	INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - KAN VAKSDAL VERTE EIN «HVITE BUSSER»-KOMMUNE?

2. april 2019

Eirik Haga  
Ordførar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2019	Kommunestyret	PS	08.04.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033	19/359

### REFERATSAKER OG MELDINGAR

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
18/2019.1	Krav om betre tannhelse for eldre
18/2019.2	Rammeplan for vindkraft
18/2019.3	Syngjande kommune - kort om
18/2019.4	Protokoll - Arbeidsmiljøutvalet - 05.12.2018
18/2019.5	Protokoll - Eldrerådet - 27.02.2019
18/2019.6	Protokoll - Formannskap/plan- og økonomiutvalet - 25.03.2019
18/2019.7	Meldingssak til kommunestyret 08.04.2019
18/2019.8	TEMPOPLAN OG RESTANSELISTE PR 31.03.19

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



# Notat

Til

Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Åse Elin Myking

Vår referanse: 18/677 - 19/3031

Dato: 01.04.2019

---

## Emne: Meldingssak til kommunestyret 08.04.2019

Vedtak i kommunestyresak 40/2018: «*Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet. Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivaretake».*

I samsvar med vedtak 40/2018 deltek Vaksdal kommune i utgreiingar om samarbeid med kommunane i NH som ikkje skal slå seg saman og Gulen. Alver-kommunane deltar ikkje, men vert orientert om arbeidet. Arbeidstittel er «Randkommunane». Rådmenna i desse kommunane har ansvaret for utgreiinga.

Vedtak i kommunestyresak 12/2019: «*Vaksdal kommunestyre ser positivt på å få utgreidd eit utvida samarbeid om oppgåver, men vil presisera at for Vaksdal kommune gjeld:*

- 1. Dette samarbeidet skal sikra tryggleiken for at oppgåvene vert løyste i samtlege kommunar ved t.d. sjukefråver og liknade.*
- 2. Den enkelte arbeidstakar skal ha sin arbeidsplass i den kommunen vedkomande arbeider i, i tråd med tilsettjingsvilkåra.*
- 3. Arbeidsgjeveransvaret for våre tilsette no og i framtida skal liggja til Vaksdal kommune.*
- 4. Aldri skal organiserast som eit oppgåvefellesskap etter §19.1 i ny kommunelov, vertskommunesamarbeid eller eit interkommunalt selskap (IKS)*

*Det er eit mål for kommunestyret å ta vare på og vidareutvikla kompetansen til dei som allereie er tilsette i Vaksdal kommune, slik at dei vert lengst mogleg i arbeid.*

*Kommunestyret tek endeleg avgjerd om Vaksdal kommune skal gå inn i samarbeidet eller ikkje, når alle sider ved saka er ferdig utgreidd.*

*Vidare ber kommunestyret rådmannen følgja opp påleggget frå kommunestyret om drøfta saka med dei tillitsvalde, og leggja fram alle aktuelle dokument i saka inkludert rapport frå forprosjektet.*

*Kommunestyret ber rådmannen presentere alle prosjekt administrasjonen deltek i regionsamarbeidet til neste møte, herunder mandat og mål, og legge fram referat frå rådmannsforum og regionråd som meldingssaker til kommunestyret frå og med 1.januar 2019.*

Vaksdal deltar så langt i utgreiingar av mogeleg samarbeid om administrative funksjonar innan økonomifunksjoner, arkivforvaltning og sentralbord/servicesenter. Jf. orienteringssak i kommunestyret 04.03.2019. Mandat for utgreiingane er vedlagt.

Utgreiinga om økonomifunksjonane har kome lengst, her er den første kartlegginga gjennomført. Den viser eit potensiale for interkommunalt samarbeid mellom kommunene. I møte 08.03.19 gikk rådmannsutvalet inn for å starte med å sikre implementering av alle modular i økonomi- og lønns- og personalsystemet og lage felles rutiner for systemene. Kommunane deler på kostnaden med å få dette til. Vidare utgreiing av mogeleg interkommunalt samarbeid vert utsett til dette arbeidet er fullført. Ved behov for vikartenester eller anna bistand som kommunane ikkje kan dekke sjølv, vil kommunane kjøpe tenester eksternt som tidlegare.

Referat frå rådmannsmøtene ligg ved. For protokollar frå regionrådet i Nordhordland vert det vist til nettsidene <http://www.nordhordland.net/>. Vaksdal er ikkje medlem i Regionrådet Nordhordland.

Arbeidet med arkivforvaltning og sentralbord/servicesenter er i kartleggingsfasen.

Utover «randkommune-samarbeidet» deltek Vaksdal i interkommunalt samarbeid med Nordhordland om drift og utvikling IKT/digitalisering og kart/geodata i Nordhordland Digitalt. Desse samarbeida må tilpassast ny kommunlov.

#### Om interkommunalt samarbeid i ny kommunelov.

Lovfester adgang til interkommunalt samarbeid.

Samarbeidet skal foregå på en av de måter som er listet opp i bestemmelsen:

- Interkommunalt politisk råd (regionråd)
  - Kommunalt oppgavefellesskap
  - Vertskommunesamarbeid
  - Interkommunalt selskap (IKS)
  - Aksjeselskap (AS)
  - Samvirkeforetak, forening
- «eller på annen måte som det er rettslig adgang til»

Loven trer i kraft for ny valgperiode (hausten 2019)

Dagens interkommunale samarbeid må tilpassast ny kommunelov.

Vedlagt presentasjon frå dagskurs i regi av KS/KMD om interkommunalt samarbeid

Fleire presentasjoner om ny kommunelov på:


<https://www.ks.no/fagområder/demokrati-og-styring/kommuneloven/informasjon-om-ny-kommunelov/>

Med helsing

Åse Elin Myking  
Konst. rådmann

## Prosjektplan – felles arkiv, postmottak - dokumentsenter

Prosjektnr	Namn	Saknr																				
	Felles arkiv, postmottak - dokumentsenter																					
Prosjektfase	Forprosjekt																					
<b>Organisering</b>																						
<p>Dette er eit delprosjekt i Randkommunesamarbeidet – føl organiseringa som er vedteke i «Overordna mal for prosjektstyringa – Randkommunesamarbeid – vedteke av rådmennene <b>21.09.2018</b>»</p> <p><b>Styringsgruppe/oppdragsgjevar:</b> Rådmenn i <i>Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal</i>.</p> <p><b>Oppdragsansvarleg (OA):</b> <i>Ingvild Hjelmtveit</i></p> <p><b>Prosjektkoordinator:</b> NUI ved Bent Gunnar Næss</p> <p><b>Prosjektleiar (PL):</b> <i>Hilde Kristine Bøe</i></p> <p><b>Prosjektgruppe/arbeidsgruppe: (2 stk + PL)</b> Hilde Kristine Bøe, Sølv Legård og Marit Solberg</p> <p><b>Referansegruppe:</b> <i>1 repr. pr. kommune og ein felles repr. for tillitsvalde for alle kommunane.</i></p>																						
<table border="1"> <thead> <tr> <th>Kommune</th><th>Namn</th><th>Kommune</th><th>Namn</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td><i>Austrheim</i></td><td><i>Kristin Nesbø</i></td><td><i>Fedje</i></td><td><i>Dagrun Gunnarson</i></td></tr> <tr> <td><i>Gulen</i></td><td><i>Torill Westervik</i></td><td><i>Masfjorden</i></td><td><i>Svein Helge Hofslundsengen</i></td></tr> <tr> <td><i>Modalen</i></td><td><i>Anneli Vatle Lilletvedt</i></td><td><i>Osterøy</i></td><td><i>Hilde Kristine Bøe</i></td></tr> <tr> <td><i>Vaksdal</i></td><td><i>Sølv Legård</i></td><td><i>Felles tillitsvald</i></td><td><i>???</i></td></tr> </tbody> </table> <p><b>Rådgjevar IT løysingane:</b> Arthur Berg Reinertsen</p>			Kommune	Namn	Kommune	Namn	<i>Austrheim</i>	<i>Kristin Nesbø</i>	<i>Fedje</i>	<i>Dagrun Gunnarson</i>	<i>Gulen</i>	<i>Torill Westervik</i>	<i>Masfjorden</i>	<i>Svein Helge Hofslundsengen</i>	<i>Modalen</i>	<i>Anneli Vatle Lilletvedt</i>	<i>Osterøy</i>	<i>Hilde Kristine Bøe</i>	<i>Vaksdal</i>	<i>Sølv Legård</i>	<i>Felles tillitsvald</i>	<i>???</i>
Kommune	Namn	Kommune	Namn																			
<i>Austrheim</i>	<i>Kristin Nesbø</i>	<i>Fedje</i>	<i>Dagrun Gunnarson</i>																			
<i>Gulen</i>	<i>Torill Westervik</i>	<i>Masfjorden</i>	<i>Svein Helge Hofslundsengen</i>																			
<i>Modalen</i>	<i>Anneli Vatle Lilletvedt</i>	<i>Osterøy</i>	<i>Hilde Kristine Bøe</i>																			
<i>Vaksdal</i>	<i>Sølv Legård</i>	<i>Felles tillitsvald</i>	<i>???</i>																			



### Bakgrunn og forankring

Bakgrunn: Dei tekniske løysingane/digitalisering for postmottak og arkiv endrar seg og fysisk plassering betyr mindre. Samstundes så aukar dei faglege krava til arkiv og dei vurderingane som skal gjerast for å kunne stette dei krava som lovverket stiller. Eit velfungerande postmottak og arkiv vil også gi eit godt grunnlag for å få velfungerande tenester og god kommunal forvaltning på mange område. Kommunane får ofte kritikk for mangefull arkivering og feil forståing av kva som er offentleg/ikke offentleg. Det er vanskeleg for mange kommunar å ha tilstrekkeleg med kompetanse og kapasitet til at dette området har ei forsvarleg drift.

### Hovudmål med prosjektet:

**Forslag til organisering av eit felles arkiv, postmottak - dokumentsenter**

### Mandat for forprosjekt

Det overordna mandatet for «Randkommune» prosjektet som oppdragsgjevar vedtok 15.06.18 ligg til grunn for dette prosjektet. Dei viktigaste føresetnadane for prosjektet er:

- Ikkje flytting av arbeidsplassar – geografisk - for dei som i dag er tilsett
- Felles leiing
- Kvaliteten på tenestene må oppretthaldast og på sikt bli betre - konkretiser
- Kostnadane med tenestene må på sikt bli lågare - konkretiser
- Tenestene må standardiserast – avgjerder, arbeidsprosessar, avtalar, normer reglar osb (full harmonisering)

- Digitalisering – alt må digitaliserast (kan ikkje ha papirløysingar når ein skal kunne jobbe uavhengig av fysisk plassering)
- Dei teknologiske løysingane som gir betre kvalitet og lågare kostnadar skal nyttast ut (digitalisering)
- 

Delmål 1 – kartlegging og status for arkiv, postmottak og dokumentsenter

- Ressursbruk – årsverk
- Organisering
- Oppgåveløysing – korleis vert oppgåvene løyst – arbeidsflyt. Få også fram dei kombinasjonane som ofte er i slike stillingar – kva andre oppgåver er dei også tillagt

Delmål 2 – forslag til organisering av eit felles arkiv, postmottak og dokumentsenter

- Er der noko krav i lovverk som evt stiller noko særskilte krav til samarbeid på dette område?
- Organisering
- Ressursbruk
- Oppgåveløysing

Litt meir om kva som skal utgreiaast under delmål 2

- Vurdere korleis kvar av kommunane kan ivareta sitt behov innafor ein slik modell
- Vurdere kva lovverket eventuelt set av begrensingar
- Vurdere tryggleik i løysinga som ivaretar personvernet på ein trygg måte
- Vurdere dimensjonering, ressursbehov og kostnader i drift
- Vurdere kva kompetanse som er nødvendig
- Vurder kva teknologiske løysingar/digitalisering som er naudsynt
- Vurdere når det eventuelt er formålstenleg og effektivt å inkludere fleire kommunar
- Beregne eventuelle investeringskostnader og oppstartskostnadar
- Kartlegge risiko ved en slik løysing

Det skal leggast fram eit beslutningsgrunnlag som gjer kommunane i stand til å ta standpunkt til om dei vil vere med i prosjektet vidare. (sjå framdriftsplanen)

Når det er avklart kven kommunar som vert med skal det:

- Utarbeidast eit beslutningsgrunnlag inkludert prosjektplan med framdriftsplan, aktiviteter og milepæler mv.

**Informasjon i kommunane**

Det er rådmann i den einskilde kommune som har ansvaret for å informere om prosjektet i eigen kommune. Det gjeld mellom anna til tilsette, tillitsvalde, politikarar osb, sjå Det overordna mandatet for «Randkommune» prosjektet som oppdragsgjevar vedtok 15.06.18.

**Rammer**

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Finansieringa skjer i hovudprosjektet – kommunane bidrar med eigeninnsats	

**Risikofaktorar**

Den største risikoene er at kommunane som er med ikkje har nok eigarskap til prosjektet. Det må prioriterast med deltaking og det må kunne gis svar innanfor knappe tidsfristar. Dei tekniske løysingane ikkje vert gjennomført. Naudsynt standardisering kjem ikkje på plass.

Beslutningsvegring – kan gjere at ein ikkje kjem i mål med prosjektet.

## Prosjektplan – felles kontaktsenter - innbyggarservice

Prosjektnr	Namn	Saknr
	<b>Felles kontaktsenter og ev innbyggarservice</b>	
Prosjektfase	Forprosjekt	

### Organisering

Dette er eit delprosjekt i Randkommunesamarbeidet – føl organiseringa som er vedteke i «Overordna mal for prosjektstyringa – Randkommunesamarbeid – vedteke av rådmennene 15.06.2018»

**Styringsgruppe/oppdragsjevar:** Rådmenn i *Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.*

**Oppdragsansvarleg (OA):** Åse Elin Myking

**Prosjektkoordinator:** NUI ved Bent Gunnar Næss


Selskapet Spitze & Co, som har bistått mange danske kommunar med etablering av kunnskapsbaser og kontaktsenter, er henta inn som rådgjevarar i forprosjektet.

**Prosjektgruppe/arbeidsgruppe:** (2 stk + PL) Spitze &Co, Kar F. Aakre og Mona Mekki (PL)

**Referansegruppe:** 1 repr. pr. kommune og ein felles repr. for tillitvalde for alle kommunane.

Kommune/firma	Namn		
Spitze & Co	Thomas Vinther		
Osterøy	Kari F Aakre		
Vaksdal	Mona Mekki		

**Rådgiver IT løsningene:** Arthur Berg Reinertsen



### Bakgrunn og forankring

Bakgrunn: Digitalt førsteval og sjølvbetening på nett gjer at innbyggjarane i større grad kan finne informasjon og løyse oppgåver sjølv på nett. Sjølv med gode nettløysingara vil enkelte innbyggere kontakte kommunen på telefon for å få informasjon og hjelp. At flest mogeleg får svar på sine spørsmål hjå den første som tar telefonen er ønskeleg. Der eit sentralbord oftast vidarekoplar telefonen til ein saksbehandlar skal eit kontaktsenter svare på spørsmåla direkte. Det vil vere god service og tidsbesparande for både innbyggjar og kommune. Saksbehandlere vil få meir arbeidsro og innbyggjarane slepp ein lang runde med vidarekopplingar og ev utsetting til neste dag eller liknande. Ein felles kunnskapsbase danner grunnlaget for eit kontaktsenter. Vaksdal og Osterøy har slike kunnskapsbasar i dag. I tillegg til å betene telefonar kan kontaktsenteret bruke chat, sosiale medier og med den nye portalen kan ein automatisere ein del svar.

Med ny telefoniløysing ligg det godt til rette for å etablere eit felles kontaktsenter. Å utvikle ein kunnskapsbase med fellesinformasjon og noko særinformasjon for kvar kommune er relativt enkelt. Det vil vera mogeleg å ta ut gevinstar både økonomisk, kvalitets- og bemanningsmessig samtidig som ein reduserer sårbarheit. Ny, felles portal kan gje spennande gevinstar på sikt.

### Hovudmål med prosjektet:

**Forslag til organisering av eit felles kontaktsenter , ev også innbyggarservice, med felles kunnskapsbase.**

Mandat for forprosjekt

Det overordna mandatet for «Randkommune» prosjektet som oppdragsgjevar vedtok 15.06.18 ligg til grunn for dette prosjektet. Dei viktigaste føresetnadane for prosjektet er:

- Ikkje flytting av arbeidsplassar – geografisk
- Felles leiing – vurder vertskommune
- Kvaliteten på tenestene må oppretthaldast og på sikt bli betre - konkretiser
- Kostnadane med tenestene må på sikt bli lågare - konkretiser
- Tenestene må standardiserast – avgjerder, arbeidsprosessar, avtalar, normer reglar osb (full harmonisering)
- Digitalisering – alt må digitaliserast (kan ikkje ha papirløysingar når ein skal kunne jobbe uavhengig av fysisk plassering)
- Dei teknologiske løysingane som gir betre kvalitet og lågare kostnadar skal nyttast ut (digitalisering)

Spitze AS, som har bistått mange danske kommunar med oppbygging av kunnskapsbaser og etablering av kontaktsenter, skal bistå i forprosjektet.

Delmål 1 – kartlegging og status for sentralbord og innbyggarservice i kommunane

- Ressursbruk – årsverk
- Organisering
- Oppgåveløsing – korleis vert oppgåvene løyst – arbeidsflyt. Få også fram dei kombinasjonane som ofte er i slike stillingar – kva andre oppgåver er dei også tillagt.

Delmål 2 – forslag til organisering av eit felles kontaktsenter og ev innbyggarservice

- Organisering
- Ressursbruk
- Oppgåveløsing

Litt meir om kva som skal utgreiaast under delmål 2:

- Vurdere korleis kvar av kommunane kan ivareta sitt behov innafor ein slik modell
- Vurdere tryggleik i løysinga som ivaretar personvernet på ein trygg måte
- Vurdere dimensjonering, ressursbehov og kostnader i drift
- Vurdere kva kompetanse som er nødvendig
- Vurder kva teknologiske løysingar/digitalisering som er naudsynt
- Vurdere når det eventuelt er formålstenleg og effektivt å inkludere fleire kommunar
- Beregne eventuelle investeringskostnader og oppstartskostnadar
- Kartlegge risiko ved en slik løysing

Det skal leggast fram eit beslutningsgrunnlag som gjer kommunane i stand til å ta

standpunkt til om dei vil vere med i prosjektet vidare. (sjå framdriftsplanen)

Når det er avklart kven kommunar som vert med skal det:

- Utarbeidast eit beslutningsgrunnlag inkludert prosjektplan med framdriftsplan, aktiviteter og milepæler mv.

### **Informasjon i kommunane**

Det er rådmann i den einskilde kommune som har ansvaret for å informere om prosjektet i eigen kommune. Det gjeld mellom anna til tilsette, tillitsvalde, politikarar osb, sjå Det overordna mandatet for «Randkommune» prosjektet som oppdragsgjevar vedtok 15.06.18.

### **Rammer**

<i>Økonomi/finansiering</i>	<i>Beløp i kr</i>
Finansieringa skjer i hovudprosjektet – kommunane bidrar med eigeninnsats	

### **Risikofaktorar**

Den største risikoen er at kommunane som er med ikkje har nok eigarskap til prosjektet. Det må prioriterast med deltaking og det må kunne gis svar innanfor knappe tidsfristar. Dei tekniske løysingane ikkje vert gjennomført. Naudsynt standardisering kjem ikkje på plass.

Beslutningsvegring – kan gjere at ein ikkje kjem i mål med prosjektet.



## Referat møte i Randkommune prosjektet – oppdragsgjevarane/styringsgruppa (rådmenn)

**Møte:** 2-2019

**Innkalla:** Rådmenn i kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal

**Tid:** Fredag 8.03.19 kl. 09:00 - 13:00

**Stad:** Knarvik – møterom NUI

### Til stades:

Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen, Jo Bjarte Tømmerbakke, Reidun Halland, Nils Moldøen, Ingvild Hjelmtveit, Åse Elin Myking, Olav Mongstad – møtte for Liv Løvvik,
NUI:	Bent Gunnar Næss – referent og møteleiar
Andre:	Mona Mekki – til sak 10/19
Forfall:	Liv Løvvik

Sak 07/19	<p><b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 08/19	<p><b>Godkjenning av protokoll møte 1-2019</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Protokollen frå sist møte vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 09/19	<p><b>Prosjekt – Arkiv</b> Føl den oppsette tidsplanen.</p> <p>Rapport del 1 er foreløpig ferdig, den vert presentert til referansegruppa sitt møte 19.mars.</p> <p>Rapport vert sendt ut før rådmannsmøte 05.04.19 og presentert i møte.</p> <p><b>Vedtak:</b> Styringsgruppa tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 10/19	<p><b>Prosjekt – Rekneskap og Lønsfunksjon – sluttrapport – forprosjektet</b> Oppfølging av sak 03/19. <b>I sak 03/19 var der følgjande vedtak:</b></p> <p><b>«Vedtak:</b> Styringsgruppa var samde om at eit slikt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn kan realiserast og vere rasjonelt både fagleg og ressursmessig innafor dei rammene som er lagt for eit slikt prosjekt. Økonomisjef og økonomistyringsfunksjonen vert igjen i kvar kommune. Oppgåvefellesskap for rekneskap og løn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vert eit kommunalt oppgåvefellesskap - § 19 selskap (ny kommunelov)</li> <li>• Oppgåvefellesskapet vert ikkje eit eige rettssubjekt</li> <li>• Dei tilsette endrar ikkje tilsetjingsforholdet</li> <li>• Dei tilsette endrar ikkje fysisk arbeidsstad</li> <li>• Det vert ein fagleg leiar i oppgåvefellesskapet</li> <li>• Det vil bli utarbeida styringsmodell, leveranseavtalar og kostnadsfordelingsmodell.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Vert ført eit eige rekneskap (prosjekt/avdeling) for oppgåvefellesskapet i kontorkommune</i></li> <li>• <i>Fordelinga av kostnadane må gjenspegle kva ein tek ut av tenester. Tenestene skal leverast til sjølvkost.</i></li> <li>• <i>Rutinane og oppgåveløysinga må harmoniserast. Dei mest optimale og framtidsretta løysingane skal nyttast og alt må digitaliserast.</i></li> <li>• <i>Den einskilde kommune kan velje om ein vil vere med på løn og eller rekneskap.</i></li> </ul> <p><i>Kommunane skal innan 08.03.2019 ha gjort eit val om dei ønskjer å delta i vidare utgreiing av eit slikt oppgåvefellesskap med sikte på å få utarbeida ein samarbeidsavtale som vert vedteke av kommunestyra innan sommaren 2019. Oppgåvefellesskapet kan da vere fullt operativt frå 01.01.2020.»</i></p> <p><b>Dei einskilde kommunane hadde gjort følgjande vedtak – Ja/Nei:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Austrheim – Ja</li> <li>• Fedje – Ja</li> <li>• Gulen – Ja</li> <li>• Masfjorden – Ja</li> <li>• Modalen – Nei</li> <li>• Osterøy – Nei</li> <li>• Vaksdal - Ja</li> </ul> <p>Saka vart diskutert i møte. Konklusjonen var at ein ønskja å avvente å opprette eit oppgåvefellesskap for rekneskap og lønn. I første omgang vil ein få på plass ein felles ressurs som skal jobbe med standardisering og rådgiving for lønn og rekneskap. I første omgang ser ein for seg 20 % stilling som vert nytta på rekneskap og 20 % stilling på lønn. Når det arbeidet har kome godt i gong kan det vere grunnlag for å ta opp igjen temaet om et felles oppgåvefellesskap for rekneskap og lønn.</p> <p><b>Vedtak:</b> Prosjektet med å etablere eit felles oppgåvefellesskap for rekneskap og lønn vert i første omgang stilt i bero. I første omgang vil ein jobbe vidare med standardisering og rådgiving for lønn og rekneskap. Som eit utgangspunkt vert det vert nytta 20 % stilling på rekneskap og 20 % stilling på lønn. Kostnadane vert fordelt likt på kommunane. Saka vert tatt opp igjen på neste møte.</p>
Sak 11/19	<p><b>Prosjekt Sentralbord – kundeservice – kontaktsenter</b></p> <p>Status for prosjektet ved prosjektleiar Mona Mekki hadde ein gjennomgang av prosjektet, sjå vedlegg.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva som er gjort</li> <li>• Tidsplan</li> <li>• Kva skjer framover</li> </ul> <p>Vil ha ferdig ein rapport i slutten av april/mai. Den vil gi ei tilråding om kva som kan vere naturleg å legge til eit felles kontaktsenter. Så vil det vere opp til den einskilde kommune om det kan vere aktuelt å vere med.</p> <p><b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.</p>
Sak 12/19	<p><b>Felles NAV kontor</b></p> <p>Det var ein gjennomgang av status for felles NAV kontor.</p> <p>Den kommunale delen av NAV kontoret for Fensfjorden er etablert, men NAV stat er ikkje klar enno.</p> <p>For dei kommunane som er med på NAV Fensfjorden så er det også behov for å få til ein avklaring av kva som kan forventast frå den einskilde kommune. Rådmennene vil følgje det opp og vertskommunen vil ta eit initiativ.</p> <p>Dette med NAV stat og partnerskapsavtalar med kommunane var noko uklart.</p>

	<p><b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.</p>
Sak 13/19	<p><b>Barnevern</b></p> <p>Det vart orientert om kva som skjedde innafor Barnevern på tvers av kommunane. Det vert vurdert ulike løysingar. Austrheim og Fedje har søkt om skjønnsmidlar for å sjå på organisering av barnevern.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka vil bli følgt opp vidare.</p>
Sak 14/19	<p><b>Legetenesta – rekruttering</b></p> <p>Nils Moldøen orienterte om bakgrunn for saka og epost som vart sendt 05.03.19</p> <p>I fleire av kommunane står legetenesta framfor eit generasjonsskifte og må sjå på rekruttering. Spørsmålet om felles kommuneoverlege for kommunane vart også tatt opp. Det var semje om at dette var noko ein ønskja å sjå meir på og rekruttering og felles kommuneoverlege må sjåast i samanheng</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka vert tatt opp igjen på neste møte og rekruttering og felles kommuneoverlege må sjåast i samanheng.</p>
Sak 15/19	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Spørsmålet om korleis kostnader og kommunane sin eigeninnsats i prosjektet skulle dekkast vart tatt opp. Ein vart samd om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eksterne kostnader som kommunen har hatt, til dømes innleigd ekstra arbeidskraft vert dekka fullt ut.</li> <li>• Dei som bidreg i prosjektgruppen fører opp timelister. Timane vert dekka med ein felles sats.</li> <li>• Timelister og dokumentasjon av eksterne kostnader vert sendt inn til NUI ved Bent Gunnar Næss.</li> <li>• Kostnadene vert fordelt likt pr kommune.</li> </ul> <p>Neste møte er 5. april – følgjande saker (kan bli ny dato):</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arkiv – rapport</li> <li>• Aktuelle område/tema for samarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Barnevern</li> <li>○ PPT</li> <li>○ Legetenesta – rekruttering og felles kommuneoverlege</li> </ul> </li> <li>• Rekneskap og lønn – arbeid med standardisering og rådgiving</li> </ul>

Knarvik, 8. mars 2019

## Referat møte i Randkommune prosjektet – oppdragsgjevarane/styringsgruppa (rådmenn)

**Møte:** 1-2019

**Innkalla:** Rådmenn i kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal

**Tid:** Tirsdag 14.01.19 kl. 09:00 - 11:30

**Stad:** Knarvik – møterom NUI

### Til stades:

Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen, Jo Bjarte Tømmerbakke, Reidun Halland, Øivind Johansen – møtte for Ingvild Hjelmtveit, Åse Elin Myking, Olav Mongstad – møtte for Liv Løvvik,
NUI:	Bent Gunnar Næss – referent og møteleiar
Andre:	
Forfall:	Nils Moldøen, Ingvild Hjelmtveit, Liv Løvvik

Sak 01/19	<b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b>  <b>Vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 02/19	<b>Godkjenning av protokoll møte 9-2018</b>  <b>Vedtak:</b> Protokollen frå sist møte vart godkjent utan merknadar.
Sak 03/19	<b>Prosjekt – Rekneskap og Lønsfunksjon – sluttrapport – forprosjektet</b> Oppfølging av sak 54/18.  Grunnen til at saka ikkje vart endeleg handsama i møt 14.12.18 var at gruppa trong å få nærmare vurdert korleis organiseringa av eit slikt oppgåvafellesskap kunne vere. I notat 09.01.19 frå Bent Gunnar Næss som var sendt ut på førehand var dette med organisering vurdert.  I notatet er det mellom anna konkludert med følgjande: <ul style="list-style-type: none"><li>• Oppgåvafellesskapet kan vere eit kommunalt oppgåvafellesskap - §19 (etter ny kommunelov) men det må ikkje vere eit eige rettssubjekt</li><li>• Dei som skal jobbe i oppgåvafellesskapet kan behalde sitt tilsettingsforhold i sin kommune</li><li>• Det har som føresetnad at det vert godt avklart at leiaren for oppgåvafellesskapet har korleis arbeidsgjevaransvaret og leiaren for oppgåvafellesskapet sin styringsrett er</li></ul> Forslaget om at det vert eit § 19 selskap, men ikkje eit eige rettssubjekt fekk tilslutning frå styringsgruppa. Styringsgruppa var også samde om at dei tilsette beheld sitt tilsettingsforhold i sin kommune.  Med bakgrunn i dette og sak 54/18 var styringsgruppa samde om eit felles grunnlag for å ta stilling til om ein ønskjer å vere med i eit slikt oppgåvafellesskap. Den avgjerda må takast innan neste møte i styringsgruppa som er fredag 8. mars. Dei som ønskjer å vere med vidare med sikte på å opprette eit slikt oppgåvafellesskap for rekneskap og lønn vil da starte opp det arbeidet omgående.

	<p>Det vert utarbeida eit felles notat/saksgrunnlag som kan nyttast som grunnlag i tillegg til rapporten i vidare sakshandsaming i den einskilde kommune.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Styringsgruppa var samde om at eit slikt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn kan realiserast og vere rasjonelt både fagleg og ressursmessig innafor dei rammene som er lagt for eit slikt prosjekt. Økonomisjef og økonomistyringsfunksjonen vert igjen i kvar kommune. Oppgåvefellesskap for rekneskap og løn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vert eit kommunalt oppgåvefellesskap - § 19 selskap (ny kommunelov)</li> <li>• Oppgåvefellesskapet vert ikkje eit eige rettssubjekt</li> <li>• Dei tilsette endrar ikkje tilsetningsforholdet</li> <li>• Dei tilsette endrar ikkje fysisk arbeidsstad</li> <li>• Det vert ein fagleg leiar i oppgåvefellesskapet</li> <li>• Det vil bli utarbeida styringsmodell, leveranseavtalar og kostnadsfordelingsmodell.</li> <li>• Vert ført eit eige rekneskap (prosjekt/avdeling) for oppgåvefellesskapet i kontorkommune</li> <li>• Fordelinga av kostnadane må gjenspegle kva ein tek ut av tenester. Tenestene skal leverast til sjølvkost.</li> <li>• Rutinane og oppgåveløysinga må harmoniserast. Dei mest optimale og framtdsretta løysingane skal nyttast og alt må digitaliserast.</li> <li>• Den einskilde kommune kan velje om ein vil vere med på løn og eller rekneskap.</li> </ul> <p>Kommunane skal innan 08.03.2019 ha gjort eit val om dei ønskjer å delta i vidare utgreiing av eit slikt oppgåvefellesskap med sikte på å få utarbeida ein samarbeidsavtale som vert vedteke av kommunestyra innan sommaren 2019. Oppgåvefellesskapet kan da vere fullt operativt frå 01.01.2020.</p>
Sak 04/19	<p><b>Status for prosjekt – Arkiv</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektet har hatt første møte med referansegruppa – 8. januar.</li> <li>• I møte med referansegruppa vart reknearket med kartleggings spørsmål gjennomgått. Den er lagt ut på ISY. Fristen for å legge inn svar er 25. januar.</li> <li>• Neste møte i referansegruppa er 19. mars. Da vil eit utkast til fakta delen i rapporten bli presentert.</li> <li>• Første del i rapporten – fakta delen vert lagt fram for styring/rådmannsgruppa i møte 5. april.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.</p>
Sak 05/19	<p><b>Prosjekt Sentralbord – kundeservice</b></p> <p>Status for prosjektet ved Åse Elin</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartleggingsfasen har starta opp</li> <li>• Tidsplanen er ikkje heilt fastsatt</li> </ul> <p>Var samde om at det var naturleg å få ein orientering om prosjektet frå prosjektleiar på neste møte i styringsgruppa som er 8. mars.</p> <p><b>Vedtak:</b> Orienteringa tatt til vitande.</p>
Sak 06/19	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Det vart peika på at i val av moglege samarbeidsområde så var det fleire aktuelle område. I møte vart det mellom anna peika på - barnevern, PPT og kommuneoverlege. Var samde om at i møte som skal vere 5. april så vil ein på nytt ta fram «lista» over aktuelle prosjekt og eventuelt vedta å starte opp nye prosjekt.</p>

	<p>Møte plan fram til sommaren:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Møte 1. februar – det utgår</li><li>• Ekstra møte 8. mars kl 09.00- 12.00 –</li><li>• Føl rådmannsmøta for regionen som er 5. april, 24. mai og 21. juni – vert normalt i etterkant av dei møta.</li></ul>
--	--

Knarvik, 14. januar 2019

# DAGSKURS I KOMMUNELOVEN

PARALLELLE SESJONER  
KL.11:30 – 13:00



# Sammenligning - gjeldende og nye regler

NÅ:



Ingen bestemmelse

NY  
LOV:



Overordnet bestemmelse  
om at kommuner kan  
samarbeide

Interkommunalt styre etter  
kl § 27

(Regionråd – ulovfestet)

Interkommunalt politisk råd

Kommunalt  
oppgavefellesskap

Vertskommune

Vertskommune



# Interkommunalt samarbeid (kap. 17)



**Ny** regel som lovfester **adgangen** til interkommunalt samarbeid. Kan samarbeide om alle typer felles oppgaver.

Samarbeidet skal foregå på en av de måter som er listet opp i bestemmelsen:

- Interkommunalt politisk råd
- Kommunalt oppgavefellesskap
- Vertskommunesamarbeid
- Interkommunalt selskap (IKS)
- Aksjeselskap (AS)
- Samvirkeforetak, forening
- «eller på annen måte som det er rettslig adgang til»

# Hva med regionrådene og § 27-samarbeid?



- Regionrådene som organ er ikke regulert i dagens kommunelov
- Regionråd er ikke listet opp som egen organisasjonsform i ny lov
- § 27-samarbeid bortfaller som lovlig organisasjonsform
- Må endres slik at de faller inn under en av de lovlige organisasjonsformene i § 17-1

# Interkommunalt politisk råd - ny modell (kap. 18)

Kommuner kan sammen opprette et interkommunalt politisk råd til behandling av saker som går på tvers av kommunegrensene/fylkesgrensene. § 18-1 første ledd.

## Vedtaksmyndighet

- Kan ikke treffe enkeltvedtak
- Kan treffe vedtak om interne forhold om samarbeidet, også enkeltvedtak, eks ansettelse av sekretær
- Kan forvalte tilskuddsordninger
- Kan ikke yte tjenester

Kommunestyret selv vedtar opprettelsen av et slikt råd

Rådets navn skal inneholde ordene «interkommunalt politisk råd»



# Eksempel på oppgaver



Avgi høringsuttalelser som berører næringsutvikling i regionen

Drive aktivt utviklingsarbeid innenfor samfunns- og næringspolitikk

Bidra til å utvikle regionen som aktivt turistformål

Være pådriver og kontaktpunkt for utviklingen av regionen.

Gi tilskudd til grundere/idrettslag/annet for å stimulere utvikling

# Økonomisk ansvar og rådets organer

## Økonomisk ansvar

Ubegrenset  
økonomisk ansvar,  
men begrenset til  
deltagernes andel  
av rådets  
forpliktelser


## Organer

- Skal ha et representantskap – øverste organ
- Alle deltagerne representert med minst et medlem
- Medlemmene velges av kommunestyret/fylkesting
- Velges for fire år – annet kan bestemmes i samarbeidsavtalen
- Rådet kan selv opprette andre organer

Eget rettssubjekt?



# Kommunalt oppgavefellesskap - ny modell (kap. 19)



To eller flere kommuner/fylkeskommuner kan opprette et kommunalt oppgavefellesskap for å løse felles oppgaver

Utarbeidet for produksjonssamarbeid for mindre omfattende oppgaver


I stor grad samme regler som for interkommunalt politisk råd

Myndighet – tilsvarende som interkommunalt politisk råd

Unntak:

-Daglig leder kan ikke sitte i representantskapet

# Hvem kan sitte i de ulike organene - valgbarhetsreglene




Valgbarhetsreglene i § 7-2, første ledd gjelder for:

- f) Et **styringsorgan** for et interkommunalt politisk råd
- g) **Representantskap og andre styringsorganer** for kommunalt oppgavefellesskap

Representantskap i interkommunalt politisk råd ikke nevnt – loven er uklar

# Hvem er valgbare



Krav i § 7-2, annet ledd:


- a) Stemmerett
- b) Innført i folkeregisteret som bosatt ved valget
- c) Skriftlig samtykket til valget

Gjelder for interkommunalt oppgavefellesskap

§ 7-2 tredje ledd: Kun bokstav c gjelder for interkommunalt politisk råd.

Kun samtykkekravet gjelder. En utilsiktet endring – må forvente lovendring

# Hvem kan sitte i representantskapene




Nesten ingen utelukket fra valg til representantskapet i interkommunale politiske råd

Kommunedirektør, stedfortreder og kommunalsjef, etatsledere og leder på samme nivå er utelukket fra valg til representantskapet i oppgavefellesskap (§ 7-3 første ledd bokstav b og c, jf. § 7-2)

Andre fra administrasjonen kan velges inn, men blir folkevalgte (§ 5-1 siste ledd første setning)

# Hvem kan sitte i de underordnede styringsorganer



## § 7-3 annet ledd:

« *Første ledd bokstav b og c gjelder ikke ved valg til underordnede styringsorganer i kommunale oppgavefellesskap.*»

Kommunedirektør, kommunalsjefer m.fl. kan velges inn slike organer i oppgavefellesskap. Blir ikke folkevalgte- unntaksregel i § 5-1, siste ledd, siste setning. Her kan det derfor sitte både folkevalgte og ikke-folkevalgte fra administrasjonen.

I underordnede styringsorganer i interkommunalt politisk råd kan det ikke sitte kommunedirektører, kommunalsjefer mv som følge av valgbarhetsreglene.

# OVERGANGSREGLER - § 27-samarbeid (§ 31-2)



- Kl § 27 samarbeid må være omdannet til en lovlig samarbeidsmodell innen fire år etter at kap. 18 og 19 trer i kraft.
- Reglene trer i kraft fra og med det konstituerende møtet i det
- enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019-2023.
- Samarbeidet anses oppløst dersom de ikke er omdannet innen fristen.
- Kommunestyret skal selv treffe vedtak om omdanning, og vedta ny samarbeidsavtale

# Oppsummering av Interkommunalt samarbeid



# DAGSKURS I KOMMUNELOVEN


PARALLELLE SESJONER  
KL.11:30 – 13:00



Administrasjonen  
Interkommunalt samarbeid  
**Kommunalt foretak**



# Kommunale foretak



Ny kommunelov kapittel 9

Hovedsakelig videreføring

Del av kommunen som juridisk person

Kommuneloven, forvaltningsloven og offentlighetsloven gjelder

# Styring av kommunale foretak



Foretakets styre er direkte underordnet kommunestyret

Daglig leder er direkte underordnet foretakets styre

# Eierstyring



Sterkere fokus på kommunestyrets eierstyring

Eierskapsmeldingen skal omfatte kommunale foretak

Daglig leder skal rapportere om internkontrollen

# Valgbarhetsbegrensninger – foretakets styre



Valgbarhetsbegrensningen for bl.a. kommunedirektøren videreføres

Forslaget om å utelukke kommunestyrerrepresentanter fra styreverv i kommunale foretak, ble ikke vedtatt av Stortinget

Reguleres av forvaltningslovens vanlige habilitetsregler

## TEMPOPLAN POLITISKE SAKER VÅR 2019 – pr. 31.03.2019

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
<b>Næringssaker</b>				
Eigarskapsmelding	Ny kml Vedtak K	F/K	Oppdaterast årleg	
Vaksdal Næringspark – framtid	Vedtak K	F/G	Generalforsamling 01.10.2018: Vedtak avvikling	Vedtak oversendt
<b>Tenesteområde Helse- og Omsorg</b>				
AO-senteret framtidig organisering	Vedtak K	L/F/K	Drøftingssak i Levekår. Utarbeide nye kostnadskalkyler, sak til økonomiplan i juni	Under arbeid
Legevaktssamarbeid Kvam, Osterøy, Samnanger, Vaksdal	Vedtak K	L/F/K	Rådmenna samarbeidar om saksgrunnlaget. Fleire eksterne avhengigheitar som må avklarast; Helse Bergen, Bergen kommune m.m	Under arbeid, møte etter påske
Årsrapport frå interkommunal legevakt	Vedtak K	L	Årsrapport til behandling med årsmelding.	
Heiltidskultur forsøk ein av institusjonane	Vedtak K	L/K	Budsjettvedtak 10.12.18.	Under arbeid
Konseptval for utgreiing - ressurssenter	Vedtak K	F/L/K	Presentasjon Mogelegheitsstudie K 01.10.2018 Sak F/L november 2018 (økonomiplansak) Vedtak 10.12.18. Høyringsrunde og folkemøter februar/ mars 2019. Sak til K i juni	Under arbeid
Vikarpool/vikarordning	Vedtak k	L/F/K	Utgreiing, sak til L/K	Under arbeid

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
Folkehelseprofil 2019		L	Orienteringssak	01.04.19
Omsorg pluss - brukarbetaling	Vedtak K	L/K	Sak om betalingssatsar i helse og omsorg , samanstilling av ulike satsar	01.04.19 L 08.04.19 K

### Tenesteområde Oppvekst

Tilstandsrapport grunnskulen	Vedtak K	L/F/K	L- sak 27/18. Ny rapport med årsmelding	Under arbeid
Kommunedelplan Oppvekst	Plan	F/L/F/K	Oppstartsvedtak F 56/18, L 28/18: Planprogram til Levekår og planutval	Under arbeid
Oppfølging miljøretta helsevern	Lov/regl	L	O-sak ved frist for tilbakemelding 15.11.2018. Svar ikkje mottatt.	Under arbeid
Barnehagertilbod til alle 1 åringar	Spm i K		Vart skrive notat ved budsjettsaka 2019	
Gratis SFO	Vedtak K	L/K	Budsjettvedtak 10.12.18: sak om betalingssatsar	K 04.03.19
Ny barnehage Dale	Vedtak K	F/K	Mogelegheitsstudie i 2019	Ikkje starta
Konseptval Vaksdal skule	Vedtak K	F/L/K	Vedtak k 10.12.19 Vidare utgreiing. Ny sak for formannskapet 25.03.2019, levekår 01.04.19, til kommunestyret	K 08.04.19
Oppveksttun Stamnes	Vedtak K	L/F/K	Drøftingssak formannskap	

### Plansaker

Ny veg/bane Arna -Stanghelle	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan Folkemøter mars	Under arbeid
Kommunedelens arealdel	Vedtak K	F/K	Høyring vedteke i F 15.10.2018.	Høyring gjennomført – sak under arbeid

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
			Samordningsmøter med Fylkesmannen/statlege etater og HFK (KIRU)	
Områdeplan Vaksdal	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Høyring planprogram
Områdeplan Stanghelle	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Høyring planprogram
Tettaneset	Vedtak K	F/K	Avtale for første byggetrinn framforhandla.	Avtale godkjent K 11.02.19
Trafikksikring Dale	Vedtak K	F/K	I samsvar med tidsplan	Under arbeid
Kollektivterminal Dale	Vedtak k	F/K	I samsvar med tidsplan	Reguleringsplan på høyring
Mobilutbygging	Vedtak K	F/K	Siste punkt sett i drift	Ferdig, oppgjer pågår
Kommunedelplan Oppvekst	Vedtak K	F/L/F/K	Planprogram til levekår og planutval	L 01.04.19
Omregulering Paviljongen Dale – Plansak	Vedtak F	F/K	Vedtak 26.11.18	Oppstart
Dale stasjon	Bane Nor	F/K	I samvar med tidsplan	Under arbeid

#### Øvrige saker Tenesteområde Samfunnsutvikling

Evaluering brannsamarbeid Bergen	Vedtak K	K	Førebels rapport. Årsrapport vår	Mai/juni
Utvikling Stamnes sentrum	Vedtak F	F/K	Arbeid i arbeidsgruppa pågår	Under arbeid
Brannordning	Lov	F/K	Sak til medio 2019.	Under arbeid
Servicelinje - utgreiing	Vedtak K	F/K	På vent til ny leiar. Budsjetsak 2020	
Ladestasjon Vaksdal	Vedtak K	F/K	Utarbeide prosjekt for søknad om støtte	oppstart
Landstrøm for skip Vaksdal	Vedtak K	F/K	Undersøkje mogelegheit for samarbeid	Ikkje starta
Resirkulering av boss offentlege bygg	Vedtak K	F/K	Anbod haust 2019	Ikkje starta

SAK	HEIMEL	UTVAL	FRAMDRIFT/AVHENGIGHEITAR	STATUS
Vasskvalitet Sørfjorden	Vedtak K	F/K	Framskaffe tilgjengeleg kunnskap om miljøstandard i fjorden innan 1.juni Økonomiplan 2020 – 2023 – sette av ressursar til arbeid med reduksjon av utslepp/rensing	Oppstart

### Økonomisaker

Hadlingsprogram og økonomiplan	Kml	F/L/K	Økonomiseminar 11.02. K/HTV handlingsplan og økonomiplan F. 25.03.	Temadel F innstiller 28.05.	Under arbeid
Årsrekneskap og årsmelding 2018	Kml	F/K	Sak til k i juni		Under arbeid
Rapportering budsjett 2019	Kml	F/K	Tertialer pr 30.04. og 31.08		
Oppdatere innkjøpsreglementet	Lov	F/K	Inngår i revisjon økonomireglement		Ikkje starta
Eigedomsskatt	Eskl/Vedtak k	F/K	Ny hovudtaksering i 2019 – val av metode		K 08.03.
Tiltak mot arbeidslivskriminalitet	Vedtak K	K	Utarbeide anskaffesesstrategi		Oppstart
Strategi for sal av kraft		F/K	Drøfte behov for å utarbeide eigen strategi.		Ikkje starta – trøng for drøfting

### Informasjon og kommunikasjon

Gjennomføring av kommunikasjonsplan	Vedtak K	K	Orientering	Fortlopende
--	----------	---	-------------	-------------

### Andre saker

Leige av lokale i kommunen	Vedtak k	F/L/K	Gjennomgang av utleigesatsane	oppstart
Status lærlingar	K	K	Rapport	Under arbeid
Interkommunalt samarbeid	K	K	Orientering status. Endring ved ny kommunelov	fortlopende



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
24/2019	Kommunestyret	PS	08.04.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-033, TI-&29	17/547

### INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - KAN VAKSDAL VERTE EIN «HVITE BUSSER» - KOMMUNE?

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

9. april 2019 er det 79 år sidan Tyskland innvaderte Noreg og 2. verdenskrig kom og til oss.

Historia om 2. verdenskrig er ei historie om dei store slaga, generalane, Pearl Harbour og austfronten. Men historia – kva var egentlig 2. verdenskrig – er historia om folkemordet. Det første industrielle massedrap av menneske, i Warshawa – ghettoen, i Stutthof, Treblinka og Auschwitz – Birkenau. 6 millionar jødar vart drepne over heile Europa. 773 jødar vart deportert frå Noreg og 38 kom heim. Over halvparten av nordmenn som døydde i tyske konsentrationsleiarar var jødar.

Antisemittismen og ideane som gjorde det mogleg å myrde 6 millionar menneske lever diverre beste velgåande. Det er dei same tankane som myrda AUFarar på Utøya 22. juli, som drap 50 muslimar i bøn på øya Christchurch 14. mars 2019

I statsbudsjettet for 2019 vart det vedteke frå regjeringa å bevilge midlar til holdningsskapande turar. Kamp mot rasisme, fascism og nazisme går gjennom kunnskap.

Hvite busser skriv dette på eigen heimeside: *“Det er en stor glede å lese at regjeringen har bevilget penger for å støtte holdningsskapende turer. i statsbudsjettet står det «midler som klasser kan søke på for å dekke inntil 1/3 av utgiftene til skoleturer i regi av «Hvite Busser» el, som en del av strategi mot antisemittisme fra skoleåret som starter i august 2019”.*

*Dette vil helt klart gjøre det lettere for foreldrene og elever som står på med dugnader for å gi klassen anledning til å reise med de hvite bussene. Dette er penger som skolene kan søke om, der tilskuddet skal kunne dekke opp til 1/3 av kostnadene.*

*Det vil komme nærmere retningslinjer på hvordan man kan søke på disse midlene, og hvor man skal rette søknaden. Denne økonomiske støtteordningen er et viktig signal om at skoleturenene anses å ha stor betydning for å bygge gode holdninger blant ungdom. I Hvite Busser kaller vi det «holdningsberedskap».*

*Denne økonomiske støtteordningen vil kunne få stor betydning for at kravene i Gratisprinsippet om at alle skal være med, vil bli oppfylt, uavhengig av om familiens økonomi er god eller ikke.”*

Som ein kan lese tek ordningen til frå skuleåret 2019/2020

Ein kan lese meir om Hvite busser her: [www.hvitebusser.no](http://www.hvitebusser.no)

**Spørsmål til Ordførar.**

Vil ordførar ta initiativ til at Vaksdal kommune vert ein “Hvite Busser” kommune?

**Forslag til vedtak.**

Vaksdal kommune søker om midler til å gjennomføre tur med elevar frå Dale Barne og Ungdomsskule gjennom “Hvite busser” eller tilsvarande, skuleåret 2019/2020.